

Det er det som skjer framover som er viktig

Han har brukt 12 år på å leita fram historia til båten. Like fullt er blikket retta mot nye opplevingar.

Det er det som kan berga oselvaren.

– Båten må bli brukt av nye brukarar, han må inn i skulen slik at born og unge blir interesserte. Eg dreg nok ned snittalderen i miljøet, seier Kjell Magnus Økland.

Sjølv blei han tidleg drengen mot oselvaren. Sidan han gjekk på ungdomsskolen på Tysnes i 1991-93 har han samla stoff og bilete om båten, no er han ferdig med det han kallar «eit lite notat» om kappseglar- og bruksbåten. Meir presist: Ei bok på 548 sider der det som er verdt å vita om båten er med. Fordelt på fem hovuddelar og 47 kapittel.

Brenn for oselvaren

– Ei bok aleine gjev ikkje ein flokk med båtar på fjorden,

men det eg er i ferd å sjøsetja no er eigentleg eit propagandaskrift for å bruka båten. Eg er ikkje berre forfattar, men ein aktivist som brenn for oselvaren, vedgår Økland.

Han har hatt eit brennande ønske om å samla det som samla stoff om oselvaren.

– Når ein tek til å leita, finn ein stadig meir. Ny kunnskap dukkar opp, nye kjelder skal saumfarast. Det me trudde skulle vera gjort på eit år eller to eller tre, blei til 12 års arbeid, og endar opp i det som skal vera ein samlingsstad for informasjon om båten. Her skal dei finna sitt, dei som berre er opptekne av materialane i skogen. Båtene er bygde av, til dei som vil vita om kapproing og kappsegling i regattaer med dei store segla oppe. Alt me har gjort skal

kunna etterprøvast, og her er 768 notar med utfyllande kommentarar. Kjeldelista er viktig, her forsøker eg å visa kor eg har ting frå, seier båt-entusiastane.

Som ikkje står for bokutgjevinga aleine. Med på laget er og Oselvarklubben. Bokkomiteen i klubben har kome med mange gode tips undervegs.

Bergen og Tysnes

Boka skal lanserast i Bergen, men også Tysnes vil få sitt.

– Torget i Bergen er den plassen det har vore flest oselvarar opp gjennom tidene, det er naturleg arena for boklansering seinare denne månaden. Eg har fått forespurnad frå komiteet her på Tysnes, og har etla meg ein tur til samlinga dei skal ha i

Grendatun tidleg i november. Boka som no vert gjeven ut av Skald forlag, er ein gamal tanke lenge før vår tid, kanskje hundre år gamal. Mange har inspirert og samla bitar av historia, i dag forstås eg kvifor det ikkje har blitt laga ei slik samlande bok før. Det er utruleg mykje arbeid som skal til. Det var i 2004 eg gjekk inn i dette for fullt, og sidan har eg halde på, forklarar forfattaren.

Det å vera med ein naustnabo til familien på Økland i Heiabygda var kanskje første agnet. Kjell Magnus var berre fire-fem år då han blei med om bord og fekk oppleva glada ved denne båten. Båtbyggjar Harald Dalland var sløydlærar på barneskulen, også det sette sine spor. Seglarveka på heimlege trakter var viktig.



I MÅL: Interesse for oselvaren fekk Kjell Magnus Økland heime på Tysnes, no er han i mål med bok om tradisjonsbåten. (Foto: Camilla Korsnes)



GODT SIG: Dette biletet er med i boka om oselvaren, med følgjande tekst: Godt sig i ein 1,52 m brei 10-alning lessa med 351 kg eikestokkar, 652 kg eikekubbar og 61 kg roar. I tillegg ber den 102 kg tunge båten 27 kg plyttar, tiljer, framtofte, ausekar, fangliner og eit par årer. Samla last vert då 1091 kg. (Foto: Kjell Magnus Økland)

det var her han lærde å segla.

– Eg vart på mange måtar påverka av desse miljøa, og då eg 19 år gamal, i 1996, fekk overta ein oselvar frå Bjørn Helge Epland var det til stor inspirasjon. Ting balla på seg, og ein vert ikkje utørst av salt vatn, antyder Økland.

Ord og uttrykk

Han har prata med mange, og henta sitat til bruk i boka frå dei som fortel. Han har hatt sine språklege utfordringar, men gjerne halde seg til muntlege former.

– Dei som er på leit etter korrekt og normert nynorsk rettskriving vil nok finna punkt å arrestera meg på, men eg har valt å nytta ord og uttrykk som båtbyggjarane og brukarane nyttar. Og så er det dette med dialektstil-

nader, ta eit ord som rorkult som har ulike namn etter kor du er i Hordaland. Kva skal eg då skriva i boka? Eg har valt å ta med ei teikning av båten, ei teikning som fortel om dei ulike nemningane på til dømes rorkult.

Teikningar og bilete er viktige moment for å forklara for dei som ikkje kan, og for å gjera det heile tydeleg for dei som kan.

– Ord som står i ordlista er markerte første gong dei er nemnde i boka, så kan ein leita fram til meir. Båtbyggjar Hallgeir Forstrønen Bjørnevik har laga om lag hundre teikningar til boka og har levert viktige bidrag. Han fekk kreft og døyddde i haust, men me jobba saman med teikningar heilt til i vår. Han var nøye

på detaljar, denne teikninga skal visa dette eller dette. Eg hadde først tenkt å illustrera meir med bilete, men då er det lett å få inn forstyrrende element, forklarar Økland.

Godøysund sentral plass

Foto er her likevel flust av, men då frå aktivitetar. Også kart er med, 22 i talet, dei fleste teikna av tidlegare BT-medarbeidar Sverre Moe.

– Det eldste biletet er over 150 år gamalt, etter den tid er det foto frå kvart einaste tiår. Oselvaren har vore brukt til mykje, og har samla mange. Nærare 80 lag er danna med utgangspunkt i denne båten, i boka er det ei oversikt over alle. Oselvaren var opptakten til det som i dag er Bergen Seilforening, med start i 1872. Båtlaget Njord/

Tysnes og Tysnes Kystlag er lokale døme. Tysnes, meir presist Godøysund, var sentral i handelen med Shetland og Orknøyane. Det var på Godøysund båtane oftast blei lasta om bورد og frakta over havet. Dette er stoff som også fangar ekstra interesse på Shetland, og det vert vurdert å omsetja det.

Treng du tips til rigging og stell, eller anna praktisk med det å ha og bruka ein trebåt. Ja, så finn du eit kapittel om det.

– Dette er relevant også for andre trebåtar enn oselvaren, seier Økland.

Boka som snart kjem i sal, er trykt i eit opplag på 3.000, kring fem hundre er førehandstinga. Boka «Oselvar – den levande båten» er delt i fem delar: Tradisjonsbåten.

Kappseglinga. Kapproinga og bergingsaksjonen. Bruksrettleinga. Oppslagsverket.

– Her er det berre å forsyna seg, alt etter kva interesse du har, seier Kjell Magnus Økland. Som ser fram til å presentera boka i mange samanhengar, men elles ikkje veit så mykje om kva han skal ta seg til når no 12 års arbeid om denne klinkbygde tradisjonelle trebåttypen frå Hordaland er slutført.

LARS MÆLAND
redaksjonen@tysnesbladet.no